

# Møtebok – Lom fjellstyre

## TITTELBLAD MØTEBOK FOR LOM FJELLSTYRE

**Møtedato:** 20. februar 2023

**Møtestad:** Norsk Fjellsenter

### Desse var til stades på møtet:

Faste medlemer: Erik Frisvold, Ellen Olsveen, Oluf Reidar Kvålshagen, Frikk Kolden  
Varamedlemer: Ingen  
Andre: Eilev Hellekveen  
Møtet vara frå kl.19.00 til kl. 22.00

### Saker som vart behandla:

Sak nr./år: 01/2023 – 07/2023

### Underskrifter:

Vi stadfestar med vår underskrift at det som er ført i sakene 01/2023 – 07/2023 er det som vart vedteke.

### Utskrifter:

# Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	01/2023	Arkiv nr.:		Møtedato:	20.02.2023
Saksbehandler:	Eilev Hellekveen				

## Referat og meldingar..

- A. 221214 Brev frå Statsskog SF- Utbetaling av tilskot til fjellstyrenes oppsyn i statsallmenninger for 2022. Kontroll av rekneskap, revisjon og rapportering
- B. 221215 Brev frå Brønnøysundregistra. Melding om endring av rekneskapsfører
- C. 221216 kopi av e-post frå Statsskog. Grunneigars tillatelse til uttak av murstein i Vårdalen statsallmenning
- D. 221222 e-post frå Lom kommune. Delegert vedtak. Søknad om fornya løyve til oppkjøring av treningsløype for trekkhundar frå Kvandalvoll til Ulvåt/Vassenden-Jotunheimen hundekjørarlag
- E. 230105 kopi av e-post frå Statsskog. Grunneigars tillatelse til oppføring av gapahuk og gjerde for geit ifbm. skjøtsel i Høydalen landskapsområde-Leir og Bøverdalen statsallmenning
- F. 230110 e-post frå SNO v/Øyvind Angard. Informasjon og oppfriskingsmøte-bestandsregistrering jerv 2023
- G. 230119 e-post korrespondanse med Lom kommune og Statsskog SF. Restaurering av uthus-Halsen
- H. 230123 kopi av e-post frå Breheimen nasjonalparkstyre. Delegert vedtak- Høyrokampen NR-dispensasjon-motorferdsel-2023-snødekt mark-transport til Bøvertjønnen gbnr. 155/1/113-Odd Repp
- I. 230127 kopi av e-post frå Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen. Delegert vedtak-Jotunheimen NP-dispensasjon-motorferdsel-2023-Krossbu-Olavsbu-DNT Oslo og Omegn
- J. 30127 kopi av e-post frå Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen. Vedtak Jotunheimen NP-Avslag-Dispensasjon-2023-Basestasjon på Ryggjehøhaugen-Telenor Infra AS
- K. 230130 e-post frå fjellstyrene i Oppland. Innkalling til årsmøte på Oppdal 20.-21.april 2023
- L. 230131 kopi av e-post frå Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen. Utladalen LVO-Dispensasjon-Motorferdsel-2023-2026-Drift av turisthytter og kvisting av vinterruter-DNT Oslo og Omegn
- M. 230131 kopi av e-post frå Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen. Vedlegg til sak 5/2023- Dispensasjon-Motorferdsel-2023-2026-Drift av turisthytter og kvisting av vinterruter-DNT Oslo og Omegn
- N. 230131 kopi av e-post frå Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen. Køyreløyve for vintertransport av gjester til Gjendebu 2023-2026. DNT Oslo og Omegn
- O. 230191 kopi av e-post frå Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen. Køyreløyve for vintertransport av gjester til Glitterheim 2023-2026. DNT Oslo og Omegn
- P. 230131 kopi av e-post frå Lom kommune. Stadfesting at søknad er motteken-oppføring av ny hytte i Storådalen-Stokk & Stein
- Q. 230202 e-post frå Breheimen NP. Møte i rådgjevande utval i verneområda for verneområda i Breheimen 2023
- R. 230208 kopi av e-post frå Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen. Delegert vedtak-Jotunheimen NP-Dispensasjon-motorferdsel-2022-Skutertransport i

## Møtebok – Lom fjellstyre

samband med avslutting byggearbeid-naust ved Rundhaugtjønne i Luster-215/1/10-Sognefjellshytta v/Råmund Mundhjeld

- S. 230208 kopi av e-post frå Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen. Delegert vedtak-utvida frist for gjennomføring-Jotunheimen NP-Dispensasjon-Motorferdsel-2023-Skutertransport i samband med avslutting byggearbeid-Naust ved Rundhaugtjønne i Luster-215/1/10-Sognefjellshytta v/Råmund Mundhjeld
- T. 230208 kopi av e-post frå Nasjonalparkstyret Jotunheimen og Utladalen. Delegert vedtak-Jotunheimen NP-dispensasjon-motorferdsel-2023-barmark-Busstransport til Glitterheim-Ottadalen Lokallag av Norges Blindforbund

Tillegg:

- U. 230218 kopi av e-post frå Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen. Delegert vedtak-Jotunheimen NP-Dispensasjon-motorferdsel-2023-snødekt mark-Utskifting av båtar ved Langtjønne og Hesttjønne-Kjetil Espen Sveine
- V. 230218 svar på e-post frå Kjetil Espen Sveine. Rettighetshavers løyve til motorferdsel. Sak 2022/2763.4-Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen

Sak nr.:	02/2023	Arkiv nr.:	335.6	Møtedato:	20.02.2023
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

# Møtebok – Lom fjellstyre

## Habilitet i behandling av saker som vedkjem tamreinlaget

Sakspapir:

- Fjellstyresak nr. 71/1982.
- Fjellstyresak nr. 62/1993.
- Fjellstyresak nr. 05/2008

### Saksutgreiing:

Spørsmålet om habiliteten til medlemene i Lom fjellstyre ved behandlinga av saker som vedkjem tamreinlaget har vore oppe til behandling ved fornying av beiteleigekontrakta i 1982, 1993 og 2008. I valperioden 1979/83 hadde tre av fem medlemmer i fjellstyret andelar i tamreinlaget. Fjellstyret gjorde da eit samrøystes vedtak i sak nr. 71/82 om at *”medlemmer eller varamenn i Lom fjellstyre som har andelar i Lom Tamreinlag, vert å sjå på som inhabile når det gjeld handsaminga av saker i Lom fjellstyre, som vedkjem Lom Tamreinlag.”* Ved behandlinga av saker som galdt tamreinlaget vart det da innkalla varamedlemmer for dei medlemene som hadde andelar i tamreinlaget.

Ved forhandlingane om fornying av kontrakta att i 1993 var fire av fem medlemmer andelseigarar i tamreinlaget, medan to av varamedlemene til dei fire også hadde andelar i laget. Med bakgrunn i dette og den ulike praksisen på handtering og tolking av habilitetsspørsmålet gjennom tidene i Lom fjellstyre, ba leiaren om at habilitetsspørsmålet vart teke opp att til ny vurdering. Fjellstyret gjorde da eit samrøystes vedtak, sak nr. 62/93, om at *”medlemmer og varamedlemmer med fleire enn fem -5-andelar i Lom Tamreinlag A/L vert kjent inhabile til å ta del i behandlinga av ei eventuell hamneleigekontrakt med tamreinlaget.”* I behandlinga av saka deltok berre representantar/vararepresentantar som ikkje hadde andelar i tamreinlaget.

Lom jeger- og fiskerforening kom med merknader til dette da dei ikkje kunne sjå forskjellen på å ha ein eller fem andelar i laget. Vidare ba NJFF-Oppland i brev av 18.3.1994 til Statskog SF, dei ta saka opp med landbruksdepartementet, slik at dei kunne få ei nærare avklaring av spørsmålet før vedtaket om hamneleigekontrakta vart stadfesta. Ved stadfestinga av hamneleigekontrakta, i brev av 19.5.1994 til fjellstyre, skreiv Landbruksdepartementet det slik:

*”Landbruksdepartementet har gått igjennom sakens dokumenter. Vi har ikke merknader til Lom fjellstyres behandling av sak 62/93 – inhabilitet for fjellstyremedlemmer og sak 63/93 – søknad om fornying av havneleigekontrakt frå Lom Tamreinlag A/L. Vi har i den forbindelse også vurdert merknaden fra Lom Jeger- og Fiskarforening i brev av 11. januar 1994.”*

Ved forhandlingane om ny avtale frå 1.1.2004 vart ikkje habilitetsspørsmålet teke opp att til ny drøfting. Fjellstyret retta seg etter det vedtaket som fjellstyret hadde gjort i sak nr. 62/93.

Spørsmålet var oppe til ny behandling i sak 5/2008, og det vart gjort slik samrøystes vedtak:

## Møtebok – Lom fjellstyre

*«Fjellstyret gjer vedtak om at grensa for å bli erklært inhabil i saker vedrørende tamreinlaget og drifta av dette vert sett til 11 andelar eller fleire. Andelseigarar med 10 andelar eller færre vert kjent habile til å delta i behandlinga av sakene.*

*Vedtaket vert gjort gjeldande for denne kommunevalperioden.*

*Samrøystes.»*

I samband med reforhandling av beiteleigeavtale og andre føreståande saker er det nødvendig at fjellstyret vurderer habilitetsspørsmålet i høve til tamreinlaget på nytt.

Kapittel II i forvaltningslova omhandlar habilitet. I § 6 er det opplista dei tilfella der ein person vert rekna som inhabil til å vera med og ta avgjerd i ei forvaltnings sak:

*”En offentlig tjenestemann er ugild til å tilrettelegge grunnlaget for en avgjørelse eller til å treffe avgjørelse i en forvaltnings sak*

- a) når han selv er part i saken;*
- b) når han er i slekt eller svogerskap med en part i opp- eller nedstigende linje eller i sidelinje så nær som søsken;*
- c) når han er eller har vært gift med eller er forlovet med eller er fosterfar, fostermor eller fosterbarn til en part;*
- d) når han er verge eller fullmektig for en part i saken eller har vært verge eller fullmektig for en part etter at saken begynte;*
- e) når han leder eller har ledende stilling i, eller er medlem av styret eller bedriftsforsamling for, et selskap som er part i saken og ikke helt ut eies av stat eller kommune, et samvirkeforetak, eller en forening, sparebank eller stiftelse som er part i saken.*

*Likeså er han ugild når andre særegne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet; blant annet skal legges vekt på om avgjørelsen i saken kan innebære særlig fordel, tap eller ulempe for ham selv eller noen som han har nær personlig tilknytning til. Det skal også legges vekt på om ugildhetsinnsigelse er reist av en part.”*

§ 8 i forvaltningslova omhandlar kven som tek avgjerda i habilitetsspørsmålet:

*”Tjenestemannen avgjør selv om han er ugild. Dersom en part krever det og det kan gjøres uten vesentlig tidsspille, eller tjenestemannen ellers selv finner grunn til det, skal han forelegge spørsmålet for sin nærmeste overordnede til avgjørelse.*

*I kollegiale organ treffes avgjørelsen av organet selv, uten at vedkommende medlem deltar. Dersom det i en og samme sak oppstår spørsmål om ugildhet for flere medlemmer, kan ingen av dem delta ved avgjørelsen av sin egen eller et annet medlems habilitet, med mindre organet ellers ikke ville være vedtaksført i spørsmålet. I sistnevnte tilfelle skal alle møtende medlemmer delta.*

## Møtebok – Lom fjellstyre

*Medlem skal i god tid si fra om forhold som gjør eller kan gjøre ham ugild. Før spørsmålet avgjøres, bør varamann eller annen stedfortreder innkalles til å møte og delta ved avgjørelsen dersom det kan gjøres uten vesentlig tidsspille eller kostnad.”*

Vurdert etter § 6, 1. avsnitt, vil berre personar som er, eller er i nær slektskap med styremedlemer eller personar som har andre leiande funksjonar i laget, vera inhabile. Vedkomande må ha verv med medkompetanse til å binde laget juridisk i høve til utanforståande for å kunne erklærast inhabil.

Ved vurdering av habiliteten etter § 6, andre avsnitt, må det vurderast om det ligg føre såpass spesielle forhold at det vil svekke tilliten til den som skal vera med å ta avgjerder.

Lom Tamreinlag A/L har 1068 andelar og 230-240 andelseigarar, med Lom kommune som største andelseigaren. Dette inneber at dei fleste andelseigarane har få andelar, og ei svært avgrensa økonomisk interesse i laget.

Ved innkallinga til dette møtet vart det bede om at fjellstyrerepresentantane som hadde andelar i tamreinlaget, varsla frå om dette, slik at vararepresentanten deira kunne kallast inn i staden. Erik Frisvold har andelar sjølv medan Svanhild Lyngved og Oluf Kvålshagen har nær slektskap til personar med andeler.

I tillegg må det opplysast om at begge tilsette, og derav sakshandsamarar, er i nær slekt med personar som har andelar i tamreinlaget. Vi har ikkje vurdert dette til å være forhold som gjer oss ugilde til å forberede denne saka.

Det syner seg at alle dei tre personlege vararepresentantane har andelar sjølve, eller er i nær slekt med nokon som har andel, dei er difor ikkje innkalla. Sakshandsamar syner til §8 i forvaltingslova som seier at:

*«Dersom det i en og samme sak oppstår spørsmål om ugildhet for flere medlemmer, kan ingen av dem delta ved avgjørelsen av sin egen eller et annet medlems habilitet, med mindre organet ellers ikke ville være vedtaksført i spørsmålet. I sistnevnte tilfelle skal alle møtende medlemmer delta.»*

### **Vedtak:**

Fjellstyret gjer vedtak om at grensa for å bli erklært inhabil i saker vedrørande tamreinlaget og drifta av dette vert sett til 11 andelar eller fleire. Andelseigarar med 10 andelar eller færre vert kjent habile til å delta i behandlinga av sakene.

Vedtaket vert gjort gjeldande for denne kommunevalperioden.

Samrøystes.

Sak nr.:	03/2023	Arkiv nr.:	335.6	Møtedato:	20.02.2023
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

# Møtebok – Lom fjellstyre

## Leir- og Bøverdalen statsallmenning - Reinheimen-Breheim villreinutval – Uttak av villrein i tamreinområde i Lom

Sakspapir:

- Brev frå Reinheimen-Breheimen villreinutval sendt 19. januar - Tamrein/villrein i grenseområdet Lom/Skjåk

### Saksutgreiing:

Reinheimen-Breheimen villreinutval har med brev sendt 19. januar bede Lom fjellstyre om å drøfte ei midlertidig ordning for å beskutte villrein som oppheld seg i konsesjonsområde for tamrein, i Leir- og Bøverdalen statsallmenning store deler av jakttida. Førespurnaden er eit resultat av drøftingar og dialog over fleire år, sist i møte 30. november 2022 der representantar frå villreinutvalet, villreinnemnda, tamreinlaget og fjellstyret deltok. Bakgrunnen er ulike utfordringar med tamrein/villrein i grensområdet mellom Lom og Skjåk, der grensa mellom konsesjonsområdet for tamrein og villreinområdet går etter høgste fjellryggen frå Lomseggen vestover til fylkesgrensa.

Villreinutvalget peiker på utfordringa med overlappende arealbruk, at villreinbukkane kryssar Lundadalen på vår-vinteren og etter kvart trekkjer inn i konsesjonsområdet for tamrein og held seg her fram til brunsten set inn i september. Dette skjer år om anna i ei tid når Lom Tamrein AS er der med flokken sin, noko som kan gje fare for samanblanding og som skjedde ein gong i mars 2020. Kva framtidsscenario ein kan sjå for seg er uvist, men villreinutvalet meiner ein må vurdere tiltak mot samanblanding og at fjellstyret drøftar ei midlertidig ordning med jakt på sitt område. Dei meiner ei slik ordning kan redusere antal villrein som held til i Lom og såleis redusere sannsynet for samanblanding av villrein og tamrein, at ein kan forhindre at villreinen etablerer seg med simle og kalv i området og at villreinbukkane raskare og i større grad trekkjer over til jaktbart område i Skjåk og Luster.

Om dette kan vere eit aktuelt tiltak skisserer dei desse punkta som bør ligge til grunn i ei eventuell avtale:

- Dette skal vera ei prøveordning på for eksempel 3 eller 5 år, med årlege evalueringar og evt. oppseiingstid.
- Området til Lom Fjellstyre skal ikkje inngå i noko teljande villreinareal, men at fjellstyret, i samråd med villreinutval/villreinnemnd, søker om dispensasjon til respektive mynde/organ.
- Jakta bør organiserast enklast råd: Bruke same jegerkontrakt med jakttid, same kategori dyr og liknande –den einaste forandringa er at eksisterande jaktområde for villrein blir utvida.
- Aktuelt areal er Lom fjellstyre sitt område nord for Bøverdalen, eller ei gitt høgdekvote, frå grensa i aust mot Lom sameige, vestover nord for Høyvatnet og til grensa til Skjåk eller Luster rundt Merrahøi.

Avslutningsvis blir det opplyst at dei er i dialog med rettshavarane om å opne for ordinær jakt i Luster. Ein del av villreinområdet som grensar til Lom og som har vore freda for jakt i lang tid.

## Møtebok – Lom fjellstyre

### Vurdering:

Utfordringar og motsetningar mellom tamrein- og villreininteresser knytt til dette området har det i ulik grad vore frå tamreindriften vart avvikla i Skjåk 1964 i og det vart opna for villreinjakt i 1967, men problemet kan sjå ut til å ha auka siste 10- 20 åra. Det kan sjå ut som villreinbukkane trekker tidlegare over Lundadalen, at det er fleire på talet og at dei held seg i Lom lengere utover hausten. Situasjonen dei siste åra har vore at bukkane kan kome så tidleg som i mars, og at dei held seg i tamreinområdet fram mot, og enkelte år lenger, enn til 10. september. På det meste har det vore rekna meir enn 200 bukkar i Lom i mai.

Årsakane til utviklinga er sikkert fleire og samansette der naturleg utvikling- og variasjon i områdebruk og beitesyklus hjå villreinen, klimaendringar m.m. er medverkande. Villreinutvalet sitt ynskje om at villreinen skal ta i bruk at områda i vest med tiltak som freding for jakt i Luster og styrt auke av storleiken på villreinstamma kan og ha verka forsterkande. Den sterkaste årsaksamanhengen finn ein truleg i tilhøva som gjev ein sterk seleksjon av villreinbukkane som oppheld seg i Lom. Dyr som held seg lengst i ikkje jaktbart område blir favorisert samstundes som dei som held til på «feil side» blir hardt beskatta. Dette blir etter kvart ei sjølvforsterkande effekt, og vi har nå ein situasjon der det meste av eldre bukk oppheld seg på ikkje jaktbart område heilt fram mot jaktslutt.

På drøftingsmøtet som var avhalde før jul så var det semje om at begge sider ynskjer tiltak for å snu denne trenden, og at det krevst ei eller anna form for beskatting eller uttak. Frå villreinutvalet og villreinnemda vart det fremja påstand om at dette burde gjennomførast som ordinær jakt, med innlemming i jaktvald og tildeling av løyver til Lom fjellstyre. Frå tamreinlaget vart det fremja påstand om at eit slikt uttak burde gjennomførast utanom jakttid, og i størst mogleg grad ha preg av å være eit ekstraordinært tiltak/uttak og at ordinær villreinjakt ikkje samsvarar med tamreinlaget sin rett til bruk av området som er gjeve gjennom konsesjon ved særlov. Som kompromiss vart det semje om at ein skulle gå vidare med å drøfte ei løysing med at ein på visse vilkår opnar for at dei med jaktkort i Skjåk kan få felle villrein som oppheld seg i tamreinområdet i Lom.

Sakshandsamar støttar vurderinga om å ikkje gå inn på ei ordning som opnar for ordinær jakt. Lom fjellstyre har i 100 år leigd ut arealet på statsallmenningen til tamreindriften. Området austover frå Sognefjellet, på sørsida av Hestbrepiggane og Lomseggen har sidan oppstarten i 1923 vore avgjerande for tamreinlaget si drift, særskilt som vinterbeite i tida frå februar til påske i ei tid der andre delar av konsesjonsområdet av ulike årsaker er langt mindre eigna til slik bruk. Å opne for ordinær villreinjakt i eit konsesjonsområde for tamrein kan undergrave legitimiteten til bruken av området til tamreindriften.

Ei løysing der ein opnar for at dei med fellingsløyve i Breheimen villreinområde på visse vilkår kan få felle rein innanfor konsesjonsområdet for tamrein, vil krevje dispensasjon frå forskrift om jakt, fangst og felling i statsallmenning og dispensasjon frå hjorteviltforskrifta. Miljødirektoratet kan dispensere frå bestemmingane i begge forskrifter. Dersom fjellstyret ynskjer å gå inn på ei slik løysing bør villreinutvalet og Lom fjellstyre, gjennom villreinnemda, rette ein felles søknad til miljødirektoratet.



## Møtebok – Lom fjellstyre

Dette vil tydeleggjere- og forankre fjellstyret sitt standpunkt om at område er, og skal være, forbehalde tamreindrift.

Mykje av bukkane held om hausten til i Høyfjellet, frå Geitåa og nordover mot Svartdalstjønnna-Merrahøe. Om desse blir jakta på vil trekkvegen gå anten aust, eller vest. Vestover går trekket via område til Luster, der det i mange år har vore freda for jakt. Det vil være uheldig om dette blir eit nytt friområde for bukkane. Om ein opnar for felling på Lomssida bør det oppmodast om at fredninga på tilgrensande areal i Luster blir oppheva.

Søknaden vart varsla og sendt pr. e-post til Lom tamreinlag og Lom JFF den 6. februar, og lagt varsla på heimesidene til Fjellstyret. Frist til å kome med merknader var sett til 19. februar. Innan fristen har det kome inn uttal frå Lom tamrein AS:

*Lom Tamrein har konsesjon til å drive reindrift i fjellområda i Lom kommune. Tamreinlaget leiger beite av Lom Fjellstyre, Lomseggen sameige og Sulheim i det aktuelle området. Drifta blir regulert av reindriftsloven. Område frå Sognefjellet og framover Lomseggen blir nytta som vinterbeite i tidsrommet frå januar til april. Villreinen har dei seinare åra kome over Lomseggen tidlegare og tidlegare. Dette fører til mykje ekstraarbeid for gjetarane og det er ei stor hugsott for samenblanding. Tamreinlaget har dei siste åra gjort ei rekkje tiltak for å unngå samenblanding.*

*Som eit tiltak mot samenblanding mellom villrein og tamrein ser vi positivt på at det blir gjort forsøk på redusere stamma som trekker over til Lom. Lom Tamrein hadde sett at dette vart gjort på ein annan måte enn ordinær jakt. Slik tilhøva er pr dags dato ser det ut som ordinær jakt er enklaste måten å gjennomføre dette på.*

*I fylgje Mattilsynet er den største trusselen mot all rein i Norge CWD. Det er derfor viktig at ein for ein kvar pris unngår samenblanding.*

*Vi har ein del punkt som det er viktig at det blir teke omsyn til for at vi skal vere positive til tiltaket :*

- *Avgrensa tidspenning 3 år. Må evaluerast og avtale må kunne seiast opp kvart år .*
- *Det må vere eit mål at villteintrekket over til Lom skal opphøyre.*
- *Simler og kalvar skytast for at vi skal godta tiltaket.*
- *Sikkerheit for at villreinutvalet og villreinnemnd ikkje arbeider for å redusere reindriften sine beiteområder.*
- *Tiltaket kan ikkje kallast ``prøveperiode``, men eit ekstraordinært tiltak!*
- *Stutt frist for uttale til fjellstyre. Andre bør og få uttale seg (statsforvaltar, NRL andre grunneigarar, Mattilsynet, etc)*
- *Tamreinlaget bør få eit medlem i villreinnemnda.*
- *Det skal og jaktast på Luster side.*
- *Er det gjort vurderingar i forhold til CWD?*

Ein del av punkta i uttala frå tamreinlaget er allereie gjort greie for i saka og synleghjort i forslaget til vedtak. Når det gjeld vurderingar i forhold til CWD er dette noko som sakshandsamer meiner må vurderast, men at desse vurderingane må knytast til sjølve dispensasjonsbehandlinga i regi av miljødirektoratet med støtte frå aktuelle faginstansar

## Møtebok – Lom fjellstyre

som mattilsynet, landbruksdirektorat- og departement. Sakshandsamar legg til grunn at både CWD problematikken, miljørettslege prinsipp og andre aktuelle moment blir belyst- og vurdert i ei eventuell dispensasjonsbehandling hjå miljødirektoratet.

### **Forslag til vedtak:**

Lom fjellstyre stiller seg positive til ei prøveordning med formål om å beskatte villrein som oppheld seg på statsallmenningen i Lom, men vil presisere at arealet på Lomssida er tamreinområde og at det ikkje er aktuelt å opne for eller innlemme dette arealet som ein del av jaktområdet og opne for regulær jakt.

Lom fjellstyre ynskjer at det i saman med villreinutvalet blir utarbeidd ein felles søknad til miljødirektoratet som skisserar ei løysing på desse premissa:

- Formålet med tiltaket er å hindre at villrein etablerer seg i beiteområde for tamrein.
- Det blir opna for at jegerar med jaktkort i «Skjåk sør-aust», innkludert eventuelle overgangsavtaler, får felle rein i den delen av Leir- og Bøverdalen statsallmenning som ligg nord for Bøverdalen-Høydalen-Liabrevatnet. Eksisterande jegerkontrakt, reglar, jakttid m.m. blir nytta.
- Det skal vere ei ekstraordinær og tidsavgrensa ordning over 5 år, med årleg evaluering og 6mnd. oppseiingstid.
- Arealet har status som tamreinområde og det skal ikkje formelt innlemmast i jaktvaldet/ telljande villreinareal. Miljødirektoratet gjev nødvendige dispensasjonar frå hjorteviltforskrifta og forskrift om jakt, felling og fangst på statsallmenning.

Lom fjellstyre set vilkår om at det samstundes blir opna for jakt i den delen av Luster som ligg aust for Nørstedøla og Illvatnet, slik at dette ikkje blir eit « nytt» friområde som bukkane held seg i.

### **Vedtak:**

Lom fjellstyre ynskjer å legge saka ut til offentleg gjennomsyn med fylgjande forslag til vedtak:

*«Lom fjellstyre stiller seg positive til ei prøveordning med formål om å beskatte villrein som oppheld seg på statsallmenningen i Lom, men vil presisere at arealet på Lomssida er tamreinområde og at det ikkje er aktuelt å opne for eller innlemme dette arealet som ein del av jaktområdet og opne for regulær jakt.»*

Lom fjellstyre ynskjer at det i saman med villreinutvalet blir utarbeidd ein felles søknad til miljødirektoratet som skisserar ei løysing på desse premissa:

- *Formålet med tiltaket er å hindre at villrein etablerer seg i beiteområde for tamrein.*

## Møtebok – Lom fjellstyre

- *Det blir opna for at jegerar med jaktkort i «Skjåk sør-aust», innkludert eventuelle overgangsavtaler, får felle rein i den delen av Leir- og Bøverdalen statsallmenning som ligg nord for Bøverdalen-Høydalen-Liabrevatnet. Eksisterande jegerkontrakt, reglar, jakttid m.m. blir nytta.*
- *Det skal vere ei ekstraordinær og tidsavgrensa ordning over 5 år, med årleg evaluering og 6mnd. oppseiingstid.*
- *Aralet har status som tamreinområde og det skal ikkje formelt innlemmast i jaktvaldet/ telljande villreinareal. Miljødirektoratet gjev nødvendige dispensasjoner frå hjorteviltforskrifta og forskrift om jakt, felling og fangst på statsallmenning.*

*Lom fjellstyre set vilkår om at det samstundes blir opna for jakt i den delen av villreinområdet som ligg i Luster slik at dette ikkje blir eit « nytt » friområde som reinen held seg i.»*

Saka blir varsla i lokalavisa og på heimesida til fjellstyret, og sendt Statskog SF, Lom tamrein AS, Lom JFF og Lom kommune til uttale. Det blir sett frist til 5. mars til å kome med merknader.

Samrøystes.

Utskrift går til:

- Statskog SF – som e-post
- Villreinutvalet i Reinheimen – Breheimen – som e-post
- Lom tamrein AS – som e-post
- Lom JFF – som e-post
- Lom kommune – som e-post

Sak nr.:	04/2023	Arkiv nr.:	335.2	Møtedato:	20.02.2023
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

# Møtebok – Lom fjellstyre

## Leir- og Bøverdalen statsallmenning. Utløp av erklæring, ny vurdering – Andeberg seter.

Sakspapir:

- Brev sendt 25.10.2022. Utløp av erklæring – seter falt i det fri – Solell.

### Saksutgreiing:

Statskog SF har med brev 25. oktober 2022, i samband med utløp av erklæring, bede fjellstyre om å gjere ei ny vurdering av kva som skal skje med husa på Anderg seter:

*«Viser til fjellstyresak 44/2012, der Lom fjellstyre fattet vedtak om at seter på festnr. 277 i Leir- og Bøverdalen statsallmenning, er falt i det fri. Videre tilrådet Lom fjellstyre at Statskog skulle tilby erklæring om rett til å ha seterhusa stående jf. seterforskriftens § 13. I brev av 26.11.2012, tilbyr Statskog slik erklæring for 10 år, regnet fra 01.01.2013. Erklæringen omfatter tillatelse til å ha stående den bebyggelsen som sto på seteren den 05.11.2012.*

*Erklæringen på seterbebyggelsen utløper 31.12.2022.*

*Statskog ber Lom fjellstyre om å ta en ny vurdering etter seterforskriftens § 12 og 13, om hva som skal skje med seterbebyggelsen. I tillegg ber Statskog om at fjellstyret tar med i vurderingen hva som skal skje med eventuelt gjenstående gjerde.»*

Saka har vore varsla på heimesidene til fjellstyret. Det har ikkje kome inn merknader.

### Forslag til vedtak:

Fjellstyret har ikkje fått spørsmål om, og er ikkje kjent med at nokon har godtgjort behov for eller synt interesse for utvasing av seter, og tilrår at Statskog SF tilbyr ny erklæring om rett til å ha seterhuset ståandest, jf. §13 i forskrift om seter og tilleggsjord.

### Vedtak:

Som forslaget.

Samrøystes.

Utskrift går til:

- Statskog SF – som e-post
- Morten Sørhage – som e-post

Sak nr.:	05/2023	Arkiv nr.:	335.2	Møtedato:	20.02.2023
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

# Møtebok – Lom fjellstyre

## Leir- og Bøverdalen statsallmenning. Utløp av erklæring, ny vurdering – Skaansar seter.

Sakspapir:

- Brev sendt 13.10.2022. Utløp av erklæring – seter falt i det fri – Solell.

### Saksutgreiing:

Statskog SF har med brev 13. oktober 2022, i samband med utløp av erklæring, bede fjellstyre om å gjere ei ny vurdering av kva som skal skje med husa på Skaansar seter:

*«Viser til Lom fjellstyre sin klagebehandling i sak 02/2013, om at Skånsar seter (3434/155/1/273) hadde falt i det fri. Endelig avgjørelse ble fattet av Statens landbruksforvaltning i sak 13/649, der Statens landbruksforvaltning erklærte Skånsar seter festnr. 273 for falt i det fri jf. fjellovens § 22. Videre tilrådet Lom fjellstyre i sak 02/2013 at Statskog skulle tilby erklæring om rett til å ha seterhusa stående jf. seterforskriftens § 13. I brev av 07.03.2014, tilbyr Statskog erklæring om rett til å ha seterhusa stående i 5 år, regnet fra 01.06.2014.*

*Erklæringen på seterhusa utløp i 2019.*

*Statskog ber Lom fjellstyre om å ta ny vurdering etter seterforskriftens § 12 og 13, om hva som skal skje med seterbebyggelsen. I tillegg ber Statskog om at fjellstyret tar en vurdering på hva som skal skje med eventuelt gjenstående gjerde og jorda.»*

Denne saka er noko spesiell. Seterbrukaren på Skaansar seter fekk i samsvar med uttale frå Lom fjellstyre i 2013 slik løyve frå Statskog SF til å bygge opp at seterhus som var teke ned og/eller forfalle:

*«Etter en konkret vurdering har en kommet til at det skal gis løyve etter seterforskriften § 13, med en leietid på 5 år. Se vedlagte erklæring.*

*Forutsetningen for løyvet er at restaureringen/ gjenreisningen skal skje på en slik måte at setras bygninger gjenskapes slik de opprinnelig var. Gjenværende materialer på stedet brukes så langt dette er mulig.»*

Det er så vidt sakshandsamar er kjent med einaste gongen det har vore gjeve løyve til dette, da seterforskrifta i utgangspunktet ikkje opnar for slik gjenreising eller omfattande restaurering. Vilåret i erklæringa var at «Frist for gjennomføring og gjennomført utvendig restaurering av bebyggelsen settes til 31.12.2017.» Seterhuset- og fjøset kan ein seie er utvendig restaurert, men løa er etter det fjelloppsynet kan sjå ikkje påbegynt. Gjerdet rundt kvea står framleis oppe, og det må takast stilling til kva som skal skje med dette.

## Møtebok – Lom fjellstyre

Saka vart 10 februar varsla på heimesidene til fjellstyret, med frist 19. februar til å kome med merknader. Reidun Skaansar og Odd Rustad vart varsla pr. brev same dag. Innan fristen har det kome inn merknader frå Reidun Skaansar og Odd Rustad:

*«Viser til brev frå Statskog av 13.10.2022  
Utløp av erklæring Skånsar seter Solell 3434/155/1/273*

*Viser til bilete frå Skånsarsetra i Solell teke 18. nov. 2022.*

*Status.*

*Seterbygningen kom opp innan fristen i 2017.*

*Murane vart sette i stand av sherpaer frå Nepal sommaren 2016.*

*Nils Teigen, som heilt frå starten var med i prosessen, og har vore til stor hjelp og støtte for oss, måtte seie frå seg tømmerarbeidet. Det vart for omfattande innan fristen. Stokk og Stein tok på seg oppgava, det gjekk unna, huset kom opp. Det vart ein fin bygning å gå vidare med. Sherpaene reparerte og muren under løa, og fekk retta ho opp slik at ho står godt. Løa manglar tak og dør med litt tilhøyrande arbeid. Kvea er delvis inngjerda. Vi har ikkje hatt egne dyr der, eller i området. Slik er statusen. Vi setrar framleis på Meadalen.*

*Arbeidet stoppa opp. Vi var usigeleg slitne etter arbeidet med å få behalde setra. Det var særdeles krevjande. Da det viste seg at vi hadde kome i mål var det nesten ikkje til å tru. Vi var utruleg letta og svært takksame overfor dei som hadde hjelpt oss i mål, inkludert fjellstyret. Det var heilt eineståande.*

*Det praktiske arbeidet med å få sett i stand setra visste vi ville bli både krevjande og kostbart. Det ville bli eit skikkeleg lyft, og vi hadde ikkje all verda av tid. Vi bad om 10 år og fekk 5 år. Å få seterbygningen opp å stå viste seg å bli mykje dyrare enn vi hadde kalkulert med. Vi fekk tilskot frå kommunen (smilmiddel) pluss velvilje og greifaren sakshandsaming på alle vis. Vi hadde rekna med nokre kroner frå Kulturminnefondet, men fekk avslag. Det vart ein liten nedtur.*

*For å oppsummere kvifor arbeidet stoppa opp:*

*Det at vi var så slitne og at det vart mykje dyrare enn vi hadde rekna med, og derfor behov for mest mogleg eigeninnsats i det vidare arbeidet, er nok hovudgrunnane til at det har stoppa opp for oss. Elles er det ein travel kvardag, særleg sommarstid. Odd har dessutan hatt nokre sjukehussturar som og har verka inn. Slik er det.*

*Plan framover.*

*Det blir å få sett i stand løa. Det blir ei enkel løysing med sperretak og bølgeblekk. Morkasetra har ei slik løysing. Når det gjeld kvea, må det gamle gjerdet rivast og fjernast. Murane der gjerdet står må flikkast på når nytt gjerde blir sett opp, da ein og annan stein har rasa ut.*

*Kvea er på vel 4 mål, ingen stor forressurs, men viktig som utgangspunkt og samlingsplass ein slags tilhaldstad for utmarksbeite i området. Der blir dyra sleppte ut frå når dei har ete opp det meste innagjerds, og der blir dei samla når*

## Møtebok – Lom fjellstyre

*beitesesongen er over. Treng noko dyr ekstra tilsyn nokre dagar er det fint å kunne ha kontroll på dei innpå kvea.*

*Løa kan og vera tenleg som ly for dyra. For oss kan det vera aktuelt å beite med nokre ungdyr/sinkyr slik vi ser det for oss nå. Vi ser for oss at sommaren 2025 skulle vi vera i mål med løa, kvea med gjerdet og dyra. Sjølv seeterbyggingen må vi ta etterkvart, slik tid og pengar tillet det. Planen er i fyrste omgang å få ordna torvtaket i løpet av sommaren 2023.*

*Viser elles til det som vi har skrivi i tidlegare sakspapir om kor viktig det er for oss å kunne behalde Skånsarsetra i Solell, for garden og framtida. Det same gjeld for setermiljøet og utmarksbeite generelt, som er på vikande front.*

*Vi ber om forståing. På førehand takk.»*

### **Forslag til vedtak:**

Lom Fjellstyre har ikkje fått spørsmål om, og er ikkje kjent med at nokon har godtgjort behov for eller synt interesse for utvising av seter, og gjev sitt samtykke til at Statskog SF tilbyr ny erklæring om rett til å ha seterhuset ståandest, jf. §13 i forskrift om seter og tilleggsjord.

Løa er ikkje påbegynt eller gjenreist innan fristen som var sett i 2017, og fjellstyret kan ikkje lenger sjå at det finnst grunnlag for å tilrå at det blir gjeve løyve til å gjenreise denne. Det har etter kvart vorte stadfesta ein streng praksis når det gjeld gjenreising, restaurering og tilbygg på seter som har fulle i det fri, og det er vanskeleg å finne tungtvegande argument for å fråvike denne praksisen når det gjeld løa det er spørsmål om i denne saka.

Gjerde og gjerderestar mot utmark rundt seterkvea bør fjernast.

### **Vedtak:**

Fjellstyret har ikkje fått spørsmål om, og er ikkje kjent med at nokon har godtgjort behov for eller synt interesse for utvising av seter, og gjev sitt samtykke til at Statskog SF tilbyr ny erklæring om rett til å ha seterhusa ståandest jf. §13 i forskrift om seter og tilleggsjord.

Når det gjeld spørsmålet om løyve, vil fjellstyret tilrå at løyvet blir fornya med frist for gjennomføring innan utgangen av 2025. Fjellstyret syner til uttale frå kulturminnemyndighetene i 2013 om at det vil være positivt om løa ble satt i stand og at alderen på huset, plasseringa i Solell, Norges høgast liggande seter, og særpreget til seteranlegget slik det var er moment som talar mot riving.

Gjerde og gjerderestar mot utmark rundt seterkvea bør fjernast, med frist for gjennomføring innan utgangen av 2023.

Samrøystes.

Utskrift går til:

## Møtebok – Lom fjellstyre

- Statskog SF – som e-post
- Reidun Skaansar og Odd Rustad – som e-post

<i>Sak nr.:</i>	07/2023	<i>Arkiv nr.:</i>	141.9	<i>Møtedato:</i>	20.02.2023
<i>Saksbehandler:</i>	Eilev Hellekveen/Åsmund Galde				



# Møtebok – Lom fjellstyre

## Tilverking av kråkefeller

Sakspapir:

- Byggeteikning kråkefelle

## Saksutgreiing:

Fjellopsynet har fått munnlege henvendingar om fjellstyret kan koste tilverking eller kjøp av kråkefeller som kan stillast til disposisjon for jegerar som ynskjer å fange kråkefugl på statsallmenningen.

Det har over tid vore ein markant nedgang i rypebestanden i fjellområda våre. Den nasjonale fangststatistikken, som tar utgangspunkt i jegeranes innrapporterte fangst, indikerer ein markert nedgang over heile landet. Som de er kjende med freda Lom fjellstyre for jakt etter rype i fjor. Kråkefugl er, i likheit med raudreven og fleire andre smårovdyr, ein generalist, og derfor ein av dei potensielt største predatorane for rypa. Desse kan ta både egg- og kyllingar, og kan vere ein av fleire medvirkande årsakar til at liryra slit med reproduksjonen.

Forsøk med kråkefeller i område med mykje kråkefugl kan vise til positive tal i favør hønefugl generellt og rype spesielt. Konklusjonane i rapportane legg vekt på at kontinuitet er viktig for å halde bestanden av smårovvilt nede over tid.

Fjellopsynet har vore i kontakt med avdeling for bygg- og anleggsteknikk, Nord-Gudbrandsdal VGS avd. Lom som vil utføre bygginga mot at fjellstyret dekkjer materialkostnadane. Estimert kostnad for to feller er intill kr. 10.000.

## Forslag til vedtak:

Lom fjellstyre dekkjer materialkostnader knytta til bygging av to kråkefeller med intill kr. 10.000. Fellene skal lånast ut til jegerar og/eller lag/foreiningar som ynskjer å fange kråke i, eller i tilknytning til, statsallmenningen.

## Vedtak:

Som forslaget.  
Samrøystes.

Utskrift går til:

- Rekneskapsfører

Sak nr.:	08/2023	Arkiv nr.:	613.2	Møtedato:	20.02.2023
Saksbehandlar:	Eilev Hellekveen/Åsmund Galde				

# Møtebok – Lom fjellstyre

## Vårdalen, Visdalen og Leir- og Bøverdalen statsallmenning. Salg av småviltjaktkort i begrensa periode.

Sakspapir:

- Forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning.

### Saksutgreiing:

For salg av småviltjaktkort er det i sak 3/2018 gjort fylgjande vedtak:

*«For perioden 15.9. – 29.9. vert talet på småviltjaktkort til utanbygds jegerar utan hund sett til maksimum 150 kort totalt. Perioden blir delt i tre 5-dagars periodar, og talet på jegerar pr. periode vert sett til 50 kort. Det vert ikkje høve til å kjøpe seg dagskort i denne perioden. Prisane på korta blir regulert i eiga sak.»*

Fram til nå har desse korta vore seld gjennom søknad, trekking og tildeling på [www.inatur.no](http://www.inatur.no) med søknadsfrist 1. april med påfylgjande trekking og tildeling, med 14 dagars betalingsfrist. Dei fleste har fått tildelt, og betalt jakta innan 15. mai.

Fjellstyre har kvar haust, i månadskiftet august/september, gjennomført ei enkel taksering, og lagt denne til grunn for å vedta regulerande tiltak som kvoter og avgrensing av jaktkortsalg. I 2022 vart det med bakgrunn i dårlege takseringsresultat gjort vedtak om å totalfredre for all jakt etter li- og fjellrype på statsallmenningen i Lom. Fjellstyret tok i fredingsvedtaket slik stilling til eventuell refusjon av tildelte og betalte jaktkort:

*«For dei som har førehandskjøpt jaktkort for småviltjakt, som mellom anna inkluderer jakt etter lirype, blir det gjeve desse alternativa:*

*- Jaktkort utan hund:*

- 1. Ingen refusjon. Jaktkortet gjeld for småviltjakt etter gjeldande reglar og kvoter, men da utan lirype.*
- 2. Heile jaktkortet – 15% adm. gebyr og eventuell hytteleige – 15% adm. gebyr blir refundert.*

*- Jaktkort med hund:*

- 1. Ingen refusjon. Jaktkortet gjeld for småviltjakt etter gjeldande reglar og kvoter, men da utan lirype. Jaktkortet gjev løyve til å trene fuglehund i tida fram til 31. oktober. Krav om observasjonsrapportering.*
- 2. 50% refusjon, og kortet blir omgjort til treningskort for hund i tida fram til 31. oktober. Krav om observasjonsrapportering.*
- 3. Heile jaktkortet – 15% i adm. gebyr, og eventuell hytteleige - 15% i adm. gebyr blir refundert.»*

I ettertid ser vi at slik refundering i saman med nødvendig dialog og kontakta med jegerane vart veldig ressurskrevjande, dette er til ein viss grad synleggjort gjennom timelistene som syner eit meirforbruk på meir enn 80 timar i administrasjon av jakt- og fiskekortsalget i 2022. I tillegg måtte mykje av dette arbeidet gjerast i ei tid som vi utgangspunktet prioriterer feltarbeid og tjenestesalg. Sjølv om dei fleste jegerane var

## Møtebok – Lom fjellstyre

tilfredse med refusjonsløysinga, må det nemnast at nokre få personar var svært utilfredse med å betale eit administrasjonsgebyr på 15%.

Fjellstyret står fritt i å bestemme korleis og kvar vi skal selje jaktkort, så lenge måten er i tråd med fjellova og føresegnene i forskrift om jakt, felling og fangst på statsallmenning. Med bakgrunn i erfaringane frå sist år, foreslår fjelloppsynet at dei 150 korta som er avsette i regulert periode, blir lagt ut på inatur og selde etter «første mann til mølla» prinsippet etter gjennomført taksering. Dette er ei metode som blir nytta av stadig fleire, både fjellstyrer og Statskog. Det gjev like høve til alle for å kjøpe jaktkort og er i tråd med lov og forskrift.

### **Forslag til vedtak:**

Salg av småviltjaktkort til utanbygdsbuande i begrensa periode, skal skje etter gjennomført lirypetaksering. Salgsidene/korta skal leggest ut på [www.inatur.no](http://www.inatur.no) og skal seljast etter «første mann til mølla» prinsippet.

Tid for opning av salgsidene skal annonserast på heimesida til Lom fjellstyre og varslast per e-post til alle som søkte om jakt sist år.

### **Vedtak:**

Som forslaget.

Samrøystes.